
Masfjordingen



Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune.

Nr. 2 - mars 2020



*Isak Thorsheim Kvinge på
UKM*



Fasteaksjonen går elektronisk i



*Vinterlys: Niklas som Emil i
Lønneberget*

Gudstenester

Alle gudstenester i Masfjorden i påska er avlyst. Dersom me kjem i normal gjenge etter påske er dette planen for gudstenestene:

26. April Sandnes kyrkje kl.11.00
v/Harald Sundsbø

3. Mai Frøyset kyrkje kl. 11:00
Grannheimen kl. 16:30
v/Harald Sundsbø

10. Mai Solheim kyrkje kl. 11:00
v/Harald Sundsbø

17. mai
Solheim kyrkje kl. 10:00
Sandnes kyrkje kl. 11:45
Sjukaheimen kl. 16:00
v/Harald Sundsbø

31. mai, pinsedag Sandnes kyrkje kl. 11:00
v/Harald Sundsbø

7. juni, friluftsgudsteneste Solheim krins
v/Harald Sundsbø

14. juni Frøyset kyrkje
V/Harald Sundsbø
Solheim kyrkje kl.17.00
Gudsteneste v/ Harald Sundsbø

**Konfirmasjonsgudstenestene
tek me sikte på å ha i september dersom
offentlege føringar gjev rom for det:**

6. september i Sandnes kyrkje klokka 11:00
13. september i Frøyset kyrkje klokka 11:00
20. september i Solheim kyrkje klokka 11:00

Avlidne

02.02.2020 Malena Matre f. 1929
07.02.2020 Nathalie Vangsnes f. 1929
11.02.2020 Tilla Duesund f. 1919
29.02.2020 Eilif Viggo Eriksen f. 1950
29.02.2020 Bjarne Andreas Ynnesdal f. 1930

*Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur
på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som
trur på meg, skal i all æva ikkje døy.*

Døypete

01.12.2019 Alice Eide
Foreldre: Maria Halland og Tarjei Eide
Fadrear: Åshild Daae Eide, Frida Eide, Maren Eide,
Sofie Halland, Frida Halland, Malin Wergeland

05.01.2020 Odin Romarheim Indrevær
Foreldre: Tonje Romarheim og
Helge Myklebust Indrevær
Faddrar: Kent Johansen, Maria Antonia
Romarheim, Liv Gabriella Romarheim, Elisabeth
Myklebust, Jostein Magnus Indrevær

*Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått
del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for
dei, læra dei sjølve å be og hjelpa dei til å bruka Guds
ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og
vekse i den kristne trua.*

Kvelds- og døgnåpne hjelpetelefoner

- Akutt fare for liv og helse: 113
- Politiet: 112 - ved akutt hjelp og 2800 ved mindre alvorlige hendelser
- Nasjonal legevakt: 116 117 - Dette er et nasjonalt nummer som setter deg over til nærmeste legevakt i ditt område
- Alarmtelefonen for barn og unge: 116 111
- Mental helse: 116 123
- Vold- og overgrepslinjen: 116 006 er en hjelpelinje for deg som opplever vold eller overgrep i nære relasjoner
- Kirkens SOS: 22 40 00 40
- Selvskading/selvmondsfare: 815 33 300 er en døgnåpen krisetelefon
- Røde kors hjelpetelefon: 800 33 331 (Åpent mellom kl. 14 og 22)
- Ungdomstelefonen for kjønn og seksualitet: 400 00 777 (Åpent søndag - torsdag fra kl. 18 til 22)
- Barnevernsvakta: 404 27 777



Helsing frå ordførar



Landet vårt er inne i ei svært krevjande tid med både korona-virus og oljekrise. Heile verda har full fokus mot korona-viruset. I Masfjorden kommune legg me planar for korleis me skal handtera smitta og sjuke personar. Pleie og helsetenestene våre er i fullt beredskap. Så langt har me ikkje registrert smitta personar i Masfjorden, men me har hatt personar i karantene, og det har medført både endringar av arbeidsplanar og ekstra innsats hjå mange. Det er flott å registrera at våre tilsette tek ansvar i ein slik situasjon, og legg planar for det som kan koma.

Den kommunale kriseleiinga har møte kvar dag i veka for å følgja og drøfte utviklinga lokalt.

Det er no ekstra viktig at me unngår smittespreiing til kvarandre, og at alle er med på den nasjonale dugnaden dette handlar om så lenge det vert påkrevd av oss. Norge har alle forutsetningar for å lykkast i denne kampen om alle tek ansvar.

Pandemien kan gjera folk redde og utrygge. I ein slik situasjon er det viktig at me står saman og støttar kvarandre. Me har mange innbyggjarar som kan gje ei hjelpande hand her i Masfjorden. Ønskjer nokon hjelp til daglege gjeremål, kan de og ta kontakt med kommunen, så skal me formidla hjelp. Ring då tenestetorget vårt på **tlf 56 16 62 00**. Dette er bemanna frå **klokka 08:00 – 15:30 frå måndag til og med fredag**.

Eg håpar og at kvar og ein bryr seg litt ekstra om sine naboar, familie og vener i denne tida. Ta ein ekstra telefon og sjekk ut om folk har det bra. Nokon treng kanskje berre ein liten prat på telefonen for å føla seg trygge, andre treng kanskje di hjelp!

Dei økonomiske konsekvensane av pandemien og oljekrisa ser ut til å bli store. Både kommunar og næringslivet vil få store økonomiske utfordringar. For å få hjula i gang så fort som mogeleg etter at krisa er over, må me alle vera flinke til å bruka lokale bedrifter i kommunen og i Nordhordland, og handla lokalt så langt det er mogeleg.


I Masfjorden kommune pågår fleire store byggjeprojekt. Det største som heiter Fensfjordbygg er snart innflyttingsklart, og det andre er omsorgsbustaden på Hosteland, som skal vera innflyttingsklart rundt juletider. Kommunen vil gjera det som er mogeleg for å få dette realisert som planlagt.

Det kjem ei tid etter pandemien også, og då skal igjen Masfjordbrua få full fokus, i tillegg til alt det andre som er viktig for utviklinga av Masfjorden kommune på kort og lang sikt.

Ta vare på kvarandre!

Helsing frå
Karstein Totland
ordførar i Masfjorden

Masfjorden kommune orienterer om situasjonen og arbeidet rundt coronapandemien



Kommuneleiinga har no daglege møte, for å planleggja kva kommunen skal gjera i samband med pandemien som har råka landet vårt. Heilt sidan den 12. mars, då det vart bestemt at skular og barnehagane skulle vera stengt, har kommunen vore i full beredskap. Det er tidlegare lagt planar for korleis ein skal handtera pandemiar i kommunen og denne planen er no revidert.

Utanom barnehagane og skulane som er stengt, og at elevane får heimeundervisning, er det spesielt helse- og omsorgstenestene som vert mest råka av pandemien. Mange helse- og omsorgsarbeidarar har hamna i karantene, og etterpå vorte testa for covid-19 (Coronaviruset). Så langt har (per 23.03.19) ingen fått påvist covid-19 i Masfjorden kommune.

Det er gjort mange smitteførebyggjane tiltak i regi av Helsedirektoratet, og lokalt av kommuneoverlege Rolf Martin Tande (som og er kommunen sin smittevernlege).

Nedunder er det vist eit fotografi teke tidlegare i mars, der helsestasjonen testar ein person for Covid-19.



Kommunen har tinga ekstra smittevernutstyr, gjort endringar i bemanninga og i pleie- og omsorgstenestene. Mange tilsette vert oppmoda om å ha heimekontor, og kommunehuset er stengt for vanlege besøkande. Alt dette for å redusere smittespreiinga i samfunnet. Alle våre innbyggjarar vert oppmoda om å følgja med på nasjonale og lokale tiltak på kommunen si heimeside (www.masfjorden.kommune.no).

Dei som ønskjer lokal informasjon kan og ringa direkte til tenestetorget på kommunehuset på tlf 56 16 62 00 i tidsrommet klokka 08:00 – 15:30.

Skulane har nettundervisning til elevane og i tillegg vert det sendt ut epostar til føresette og til elevane frå rektorar og tilsette. Det er oppretta tilbod for barnehageborn og elevar i småskulen, som har føresette som arbeider i i helse- og omsorgstenestene, transportsektoren eller innan andre kritiske samfunnsfunksjonar, samt tilbod for barn med særlege omsorgsbehov.

Nedunder er lokale tiltak som gjeld Masfjorden kommune sine innbyggjarar spesielt nemnt:

Reduksjon i hjelpemiddeltenesta grunna Pandemi-beredskap

Masfjorden kommune har grunna Pandemi-beredskap sett opp nokre nye tiltak i hjelpemiddeltenesta. Dette er gjort for å beskytte innbyggjarane i Masfjorden mot smittespreiing av Corona-virus (covid-19);

Iverksette tiltak

Me vil framover konsentrere oss om reparasjonar av hjelpemiddel som er absolutt naudsynte for den det gjeld. Behov for reparasjonar kan meldast inn som vanleg til hjelpemiddeltenesta, heimetenesta eller fysioterapeut. Dersom reparasjonen kan vente til seinare, ber vi om at befolkninga ventar med å ta kontakt til Pandemien har roa seg. Er du usikker, så ring oss.

Masfjorden kommune tek ikkje imot hjelpemiddel frå innbyggjarar som skal levere attende anten til korttidslager i Masfjorden kommune eller til NAV Hjelpemiddelsentralen i Vestland.

Me leverer berre ut hjelpemiddel der det er absolutt naudsynt for innbyggjaren.
Me beklagar ulempa dette kan føre til for innbyggjarane i Masfjorden kommune, men vi ser det som naudsynt som del av det å nedkjempe Pandemien som no har råka store deler av verda.

Kontaktinformasjon:

Ergoterapeut Toril Areklett (telefon; 40910077 mandag til onsdag kvar veke)
Heimetenesta sin vakttelefon; 41617507 (0800-1500 mandag til fredag)

Masfjorden sjukeheim er stengd for besøk

På grunn av koronavirus stengjer me sjukeheimen for besøk, i fyrste omgang i 14 dagar.

Dette er for å ta vare på våre sårbare bebuarar og for å hindre smittespreiing.

Du kan når som helst ringe oss på telefon om du har spørsmål:

Hovudnr : 56166500

Vakttelefon pleieavdeling: 41217509

Vaktelefon nystova: 91344920

Me vil vurdere spesielle situasjonar der det kan være aktuelt å besøkje sine næraste, ta då kontakt pr. tlf. på førehand.

Og skulle det være noko du som pårørende treng informasjon om, ringjer me deg sjølvst.

Følg råd frå folkehelseinstituttet og ha god handhygiene.

Håpar på forståing for dette.

Med vennleg helsing oss på sjukeheimen.

Råd til hyttefolk

Masfjorden kommune ber alle som oppheld seg på hytte og som kjem frå ein annan kommune om å reise heim snarleg

Vi har no ein nasjonal dugnad for å hindre smitte, og alle tiltak som vert innført er for å hindre at smitten spreier seg. Alle må difor spørje seg sjølv. Er det strengt tatt nødvendig at eg ser til hytta akkurat no?

Forskifta seier at: «Personer forbys å overnatte på fritidseiendom i annen kommune enn der vedkommende er folkeregistrert. Strengt nødvendig vedlikehold eller tilsyn som er nødvendig for å avverge store materielle skader tillates.»

Biblioteket og Nav Masfjorden vert stengd frå 12. mars

Alle biblioteka i Masfjorden og NAV Masfjorden vart stengde frå torsdag 12. mars

Biblioteket

På grunn av korona-viruset vart alle biblioteka i Masfjorden stengde frå torsdag 12.3.kl.18 til og med 26.03.2020. Av same grunn må Bokbåten avlyse nordturen. Det betyr at han ikkje kom til Masfjorden 20.3.slik det var annonsert. Det vert arbeidd med å få til ein ny tur til Nordhordland etter påske. Det vil kome nærmare melding om det.

Nav Masfjorden

Instruks frå Arbeids- og velferdsdirektoratet gjer at NAV Fensfjorden er stengd frå 12. mars 2020 og inntil vidare pga. korona-situasjonen. NAV-kontoret er eit offentleg kontor med besøk av mange med kroniske sjukdomar og for å beskytte desse og generelt hindre smittespreiing vil du få hjelp på andre måtar enn fysisk oppmøte.

Vi hjelper deg på telefon eller på nett: Ring 55 55 33 33 eller bruk Ditt NAV for kontakt og hjelp.



Regjeringa forlenger dei viktigaste tiltaka for å stoppa utbrotet av koronavirus fram til over påsken og til og med 13. april (kan verta forlenga).

Fasteaksjonen 2020



Kanalar å gje:

Vipps: 2426

Konto: 1594 22 87493 Merk gåva med «Fasteaksjonen».

SMS: Send kodeord «VANN» til 2426. Då gjev du 200 kroner som vert belasta telefonrekninga di.

Facebook: <https://www.facebook.com/donate/2914947531954534/>

og på: www.fasteaksjonen.no

Konfirmantane pleier saman med soknerådet å banka på kvar ei dør i soknet. I år vil fasteaksjonen bli gjennomført digitalt på grunn av faren for Koronasmitte. Konfirmantane vil spreie informasjon og samle inn pengar til eit «**Liv med vatn**» gjennom den digitale Fasteaksjonen til Kirkens nødhjelp. Støtt konfirmantane med å samla inn pengar på denne måten. Snakk om aksjonen til dei du pratar med, del den på sosiale media og gje pengar.


Helga Ekehaug

Jenta som spring

Manglar dei vatn på garden, er det ti år gamle Kila som ordnar opp. Viss ho ikkje er ute og spring.

Av Anette Torjusen Foto: Håvard Bjelland

Hun pilar over det grøne graset. Lett i steget, barbeint og i eit flagrande skjørt. Med verdas største smil.



- Eg elsker å springe. Eg kan springe heile tida. Det gjer meg så lukkeleg. Særleg viss venninnene mine blir med. Det er kanskje ikkje så rart. Ho delar heimlandet Etiopia med verdskjende løparar som Haile Gebrselassie.

Men ho spring ikkje berre fordi det er kjekt. Ho har nemleg mange plikter i huset, som å hente reint vatn til familien.

Tungt å bære vatn

10 år gamle Kila Hirpo bur i ein frodig del av landsbyen Beseko, cirka fem timar sør for hovudstaden. Midt på ei grøn slette ligg huset hennar omringa av ein maisåker, avokadotre, falske banantre og eukalyptustre.

Huset er bygd av leire, høy og trepinnar, og rommar ei stove og eit soverom. Det delar ho med besteforeldre, mor, to brør og ei syster.

- Eg elsker dyra våre. Kyrne som gir oss mjølk, oksane som hjelper oss i åkeren og eselet som hjelper oss med å bere.

Kvar dag hentar ho vatn både i elva og ved vassstasjonen. Den er ein av 14 som landsbyen fekk av Kirkens Nødhjelp i fjor. Då vart det bora ein 120 meter djup brønn, og det vart lagt 16 kilometer med røyr inn til landsbyen.

- Det er tungt å bere, særleg i regntida når det er så glatt å gå, forklarar ho.

Landsbyen fekk vatn i september i 2018, men før det flykta folk frå landsbyen mellom anna på grunn av sjukdomar dei fekk av vatnet.

Toppkarakterar i alle fag

Saman med brørne sine hjelper ho til på garden. Og ho har mange oppgåver.

- Eg lagar kaffi, hentar vatn, fjernar ugras frå maisåkeren og gjev til dyra, vaskar klede og huset. Kila går i fjerde klasse, og ho er så glad i å gå på skulen at ho vil bli lærar. Det er nemleg ei smart ung dame vi har med å gjere. Som får toppkarakter i alle fag.

- Skulen er viktig for at vi skal utvikle oss og få ei utdanning. Eg vil til universitetet, forklarar ho. Matte er favorittfaget.

- Eg vil så gjerne at andre skal skjønne kor morosamt matte er, så eg håpar å bli lærar i mellom anna matte.

Avhengig av hjelp for å hjelpe

For at Kila og andre skal få reint vatn trengs det hjelp frå mange norske frivillige. Kvart år er tusenvis av frivillige med på å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid gjennom Fasteaksjonen. Det er nettopp desse pengane som gjorde det mogleg å levere reint og trygt vatn i Etiopia. For Kila og tusenar av andre menneskjer har dette vore livsviktig hjelp.

Også i år skal frivillige over heile Noreg vere med på å samle inn pengar til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som reddar liv rundt om i verda. Verda står no overfor ein pandemi som rammer oss alle og i Kirkens Nødhjelp er vi spesielt bekymra for dei mest sårbare menneskja i verda. Kirkens



Nødhjelp er til stade i 30 av dei mest sårbare landa i verda. Vi er allerede i gang med opplæring om koronaviruset og smitteforebygging i våre vass- og hygiene-prosjekt i fleire av dei landa vi er til stade i.



Andakt



SIGERSTEIKNET

Om krossen kan det seiast at den er det viktigaste kristne symbolet me har. Ikkje utan grunn finn me det svært ofte i kyrkjekunsten. Lærer me å skjøna noko av krossens løyndom, lærer me å kjenna vegen til himmelen. Me står framfor påskehøgtida der ordet om krossen på nytt skal lyftast fram.

”For ordet om krossen er ein dårskap for dei som går fortapt, men for oss som vert frelste, er det ei Guds kraft”. 1. Kor.1.18.

I dette ligg det vel også ei erkjenning frå Paulus at ordet om krossen ikkje er like lettfatteleg for alle. Det inneheld mykje til ettertanke og undring.

Påskehøgtida –og fastetida før det-skulle gjerne gje rom til meditasjon og fornya ettertanke om Jesu krossveg. Forunderleg er det at romarane sin torturreidskap framfor noko-krossen-skulle vera noko sigerssymbol å lyfta fram. Då Jesus snakka med læresveinane om at han skulle lida og døy, skjøna dei det ikkje. Likevel gav han sterkt og tydeleg uttrykk for at han skulle gå opp til byen ”med glans og ære” for å ”spottast, mishandlast og spyttast på og dei skal piska han og slå han i hel» (Luk.18.33).

Men for Jesus var dette ikkje ein veg mot nederlag, men mot siger. Skjærtorsdag sa han at han hadde lengta inderleg etter å eta påskemåltidet saman med læresveinane sine-dei som svikta han og like etter sovna i Getsemane. Med lovsongstenen frå påskemåltidet i minnet, gjekk han ned til Kedrondalen til si tyngste natt. Og før han anda ut, kom orda: Det er fullført. Han var innforstått med at det var ein sigersveg, sjølv om andre ikkje skjøna det .

Det var våre nederlag han snudde til siger og vår liding han tok inn over seg. Det er det me må opna tankane våre for. Hans liding opna himmelvegen for oss. Og ved å få auga på det, vert ordet om krossen ikkje dårskap, men Guds kraft til frelse. Slik vert krossen også eit teikn på håp.

Ei bok som kom ut for ein del år sidan hadde tittelen: ”Dagen da døde døde” Boka handla om påskedagen og verknaden av Jesu oppstode. Krossen er også eit symbol me brukar mykje i samband med gravferd-anten det er på gravminne, kistene eller i dødsannonsar.

Og då er det uttrykk for håp.

Johan Nordahl Brun har uttrykt dette så fint i denne påskesalmen:

Jesus lever, gravi brast!
Han stod opp med guddoms velde.
Trøysti står som fjellet fast,
Kristi strid og blod skal gjelde.
Lynet blinkar, jordi bever,
gravi brast, og Jesus lever!

Eg har vunne, Jesus vann!
Mørkheims makt for honom rømde;
Krist or gravi utgang fann
og for evig døden dømde.
Open har eg himlen funne,
Jesus vann, og eg har vunne!

(NoS 194)

Påskedag



Han er oppstanden. Halleluja!

Han er oppstanden. Halleluja!
Lov ham og pris ham! Halleluja!
Jesus, vår Frelser, lenkene brøt.
Han har beseiret mørke og død.
Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn,
Han som gir synderen livet igjen.
Halleluja, vi skyldfrie er.
Halleluja, vår Jesus er her!

Tre dager dødens fange han var
før han stod opp og seieren var klar.
Tvers gjennom gravens stengsel han gikk.
Frelse og fred ved Jesus vi fikk.
Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn,
Han som gir synderen livet igjen.
Halleluja, vi skyldfrie er.
Halleluja, vår Jesus er her!

Engelen ropte: Frykt ikke mer!
Han som du søker, er ikke her.
Se, der er stedet hvor han ble lagt.
Han har stått opp - som selv han har sagt.
Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn,
Han som gir synderen livet igjen.
Halleluja, vi skyldfrie er.
Halleluja, vår Jesus er her!

Gå og fortell at tom er hans grav.
Livet han vant, da livet han gav.
Gav det for oss og kjøpte oss fri.
Frelse og fred han alle vil gi.
Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn,
Han som gir synderen livet igjen.
Halleluja, vi skyldfrie er.
Halleluja, vår Jesus er her!

Grenselaus glede

«Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa.» Sitatet er henta frå Matteusevangeliet, der situasjonen på biletet er skildra. Vi ser tre syrgjande kvinner og ein engel som sit på grava til Jesus. Loket er drege til sides, og den eine kvinna lyfter opp det tomme likkledet som har blitt liggjande att nede i grava. Ansiktsuttrykkja til kvinnene er tydelege vitnemål om at det dei nett er blitt fortalde, ikkje heilt har gått opp for dei enno. Det er tre andlet prega av sorg vi ser.

Men salmane for denne dagen er som regel alt anna enn sørgmodige. Gleda er grenselaus, noko den valde påskedagssalmen er eit godt døme på. Dette er opprinnelig ein afrikansk song. Teksten er skriven av Bernhard Kyamanywa, i norsk språkdrakt ved Anne M. Brodal, 1979, og melodien er ein folkemelodi frå Tanzania.

Rune Garmann



BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus rei inn i Jerusalem på eit esel, og blei hylla som ein konge.

Teikning: Claudia Chiaravalotti



Finn vegen til den tomme grava!

Følg Jesus gjennom Jerusalem frå palmesøndag til påskedag.



Finn 5 feil

Teikning: Claudia Chiaravalotti

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Gje barnebladet BARNASTil eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



VITSAR

– Pappa har byrja på bakekurs. I går lærte dei å bake bollar.
– Blei bollane gode?
– Kjempefine! Vi spelte bordtennis med dei heile kvelden.

Korleis finn myggen ut kva for blodtype eit menneske har?
Svar: Dei tar stikkprøver.

Kyrkejverjene

Det er ikkje lett å skulle hoppe etter Wirkola

Kyrkjekontoret har det siste året opplevd ein ikkje liten grad av «gjennomtrekk». Fleire av dei gamle medarbeidarane har takka for seg. Men heldigvis er nye, friske krefter komne til.

Det er snart to år sidan Kolbjørn Reknes takka av som kyrkjegardsarbeidar, og vart avløyst av Remi Kallekleiv. I alle dei godt og vel tretti åra som Kolbjørn hadde hand om stellet på kyrkjegardane våre, var dei svært fint haldne. Det er

ikkje få gangar eg har høyrd folk utanbygds frå, kommentere akkurat dette. For oss som bur her, har vel synet av ein velstelt kyrkjegard vore så vanleg at vi kan hende ikkje har reflektert over at dette ikkje er noko som gjer seg sjølv.

Det er ikkje lett å hoppe etter Wirkola, men Remi Kallekleiv har synt seg å vere ein mann som har teke vel vare på den gode standarden som Kolbjørn har etablert, og det skal vi også vite å setje pris på.

Etter at Kolbjørn slutta som kyrkjegardsarbeidar har han fram til 1. mars 2020 halde fram med oppgåvene som kyrkjetenar i Frøyset kyrkje, og på kyrkjekontoret har han hatt ansvar for føring av det elektroniske gravregisteret. Oppgåvene har han utført med den same flid som kjenneteiknar alt han elles har foreteke seg.

Ein annan viktig støttespelar som no har slutta på kyrkjekontoret, er Mona Hope Daae. Ho arbeidde i ei årrekke som sekretær ved kyrkjekontoret. Slikt sekretærarbeid er som oppvask – ein ser ikkje kor omfattande og ikkje minst viktig det er før det ikkje vert gjort.

I tillegg til mange andre oppgåver var Mona den som sytte for at konfirmantane fekk det dei trong til å gjennomføre Fasteaksjonen på ein god måte, og på den måten bidrog til at bidraga frå sokna i Masfjorden var jamnt høge på landsbasis.

Våren 2019 vart Kristine Bleikli tilsett i stillinga som kyrkjevevje. Denne stillinga hadde ho fram til 1. mars, då ho valde å slutte av di det vart for vanskeleg å kombinere oppgåvene som kyrkjevevje i Masfjorden med teologistudia som ho er i full gang med.

I den tida Kristine var kyrkjevevje i Masfjorden gjorde ho ein glimrande jobb, langt ut over det ein skulle vente i høve stillingsstorleiken. Det er difor litt trist at vi alt no må takke for flott innsats og ynskje henne lukke til vidare.

Men heldigvis er ikkje alle bruer brende: I sommar vil vi ha gleda av Kristine som vikarprest i Masfjorden.

Og det er også ei glede å kunne presentere Kristine si etterfylgjar som kyrkjevevje i Masfjorden. Frå 1. mars er Eli Eidsnes tilsett som kyrkjevevje, og frå 1. april vil ho også arbeide som sekretær på kontoret. Nokre vil nok kjenne Eli frå hennar barndomen – ho er fødd og oppvaksen i Indre Haugsdal. For andre vil ho truleg vere betre kjend som «den blide dama med krøllane i fotobutikken i Knarvik senter».

På vegne av Masfjorden sokneråd vil eg rette ein varm takk til dei som no takkar av, og vil ynskje Eli varmt velkomen til oss. Det er ikkje så lett å hoppe etter Wirkola. Men einskilde har det i seg det som trengs.

Med den medarbeidargjengen som kyrkja i Masfjorden no har å hjelpe seg med, er det all grunn til å sjå framover med forventningar og optimisme.

Rune Garmann
leiar i Masfjorden
sokneråd



Billettekst : Den gamle og den nye tid – Eli Eidsnes (t.v.) tek over som kyrkjevevje i Masfjorden etter Kristine Bleikli (t.h.)

Konfirmantleir

Her er nokre glimt frå vinterleiren konfirmantane hadde på Fjon fjellkyrkje i slutten av januar.

Tilbakemeldingane frå konfirmantar viser at å få høve til å bli godt kjende med kvarandre i trygge omgjevnader er viktig. Sjølv om det var kjeft på leir ville det vera fint med meir variasjon i undervisninga og meir fokus på aktivitetar som knyter konfirmantane saman.



Slike tilbakemeldingar inspirerer til å involvera unge i å planleggja konfirmantopplegget. Fleire aktivitetar som knyter folk saman er som hånd i hanske i å følgja Jesus som førebilete til å ta vare på kvarandre.

Helga Ekehaug



SLEIRSFJELLET OPP LAURDAG 6.JUNI 2020

Kva med å få alle tilsette i betre form, med treningsmål " Sleirsfjellet Opp" ?

Her kan alle vere med og de som arbeidsgjevarar kan ha eigne konkurransar knytt til arrangement med skritteljing, treningsappar og liknande.

Fysisk aktivitet =folkehelsa og trivsel redusert sjukefråvær !

Kva med å legge firmatur/personaltur til vårt arrangement ?

Her får de fysisk aktivitet, oppleving og trivsel i vakker natur. Velkommen!

www.risnesil.no facebook: sleirsfjellet opp/Risnes il

Prestesituasjonen i Masfjorden sokn

For tida er Harald Sundsbø vikarierende sokneprest og vert det fram til midten av Juni. Etter han tek teologistudent Kristine Bleikli over som sommarvikar til første halvdel av august. Ho kjenner Masfjorden sokn betre enn nokon student sidan ho har vor kyrkjeverje her fram til Eli Eidsnes tok over. Harald vil og halda konfirmasjonsgudstenestene til hausten. Då søknadsfristen for sokneprest i Masfjorden gjekk ut var der ingen kvalifiserte søkjarar.

Men vi gir oss ikkje, og arbeider vidare med å rekruttere fast prest til Masfjorden.

Med venleg helsing

Helge Taranrød
Prost i Nordhordland
+47 415 28 318
ht759@kyrkja.no

Veikryss

er ein leir for ungdomar frå heile Bjørgvin bispedøme som var i Bergen 6. – 8. mars. Der får du lære om å være ein leiar for andre, der du lærer ulike songar og leiker. Biskopen kom også og svarte på spørsmål me ungdommar lurte på. Eg synest det var kjempe gøy. Alle var kjempe imøtekommande sjølv om eg ikkje kjente nokon frå før. Eg trur eg lærte meg minst 2 nye songar som eg ikkje hadde høyrte før og 3 nye aktivitetar/leikar som eg vil ta med meg vidare på for eksempel konfirmasjons leir som eg har vert leidar på i 2 år på rad og som eg vil fortsette med.

Ungdomstinget var lagt til Veikryssleiren og skulle velja ungdomsrådet. Eg hadde ikkje peiling på kva det var for noko. Eg vart vald inn i ungdomsrådet og der skal eg møte dei andre i ungdomsrådet ein gang i månaden og snakke om sakar i bispedømmet. Eg synest det er kjekt at ungdommen for lov til å vere med å bestemme litt kva som skjer i bispedømmet.

Bergit Ynnesdal

Kanskje dette kan vera ein ide for Masfjorden sokn: Korleis involvera og inkludera born og unge i kyrkjelydsarbeidet. Frå Den norske kyrkja sin trusopplæringsplan «Gud gir, vi deler» står det under medverknad frå barn og unge:

«...barn og unge er fullverdige deltakarar i kyrkjelydsfellesskapet. ... vi veksler mellom å vere mottakarar, deltakar og medarbeidar i verksemda i kyrkjelyden. Medverknad kan i kyrkja særleg grunngjevast ut frå det kristen menneskesynet, dåpssynet og forståinga av det allmenne prestedømmet. ... Alle barn og unge ar ressursar å tilføre i forma av idear og ønske, og kunnskap og engasjement. I arbeidet med den lokale trusopplæringsplanen må ein derfor leggje til rette for reell medverknad i leiing, planarbeid, gjennomføring og evaluering av trusopplæringa.»

Invitasjon

Er du konfirmert i Masfjorden (eller planlagt det i år), er under 25 år og noko av dette inspirerer deg:

- Laga til nye aktivitetar for born og unge, t.d. ungdomsklubb i ei kyrkje, friluftsgruppe, dansegruppe, samtalegruppe
- Innspel til korleis konfirmantarbeidet kan verta betre.
- Diakoni: besøksgruppe, slik som konfirmantane gjer på sjukeheimen på den diakonale dagen.
- Musikk: songkveldar

Andre forslag der meg kan lata oss inspirera av Jesus i å byggja gode og inkluderande fellesskap. Ta kontakt med meg så kan alle interesserte møtast på eit eller anna vis ein eller annan gong for å dela inspirasjon og idear. Har du ein ide så fortel den gjerne når du tek kontakt! PS. Takk til Bergit som inspirerte meg til å skriva dette!

Helga Ekehaug,
Diakoni og undervisningsleiar
helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no
Tlf. 911 93 612

Innovative skuleelevar

Skulane får stadig vekk spanande tilbod om å delta i forskningsprosjekt der dei får inspirerende oppdrag med eit samfunnsrelevant tema. I oppdraget finst ingen fasitsvar. Her skal elevane avdekka behov, utvikla idear og finna løysingar. På denne måten får elevane trene seg i å formulera spørsmål, søkja svar og setja ord på eiga læring. Det vert lagt vekt på digitale ferdigheter der teknologien forsterkar sjølvne læringsprosessen. Elevar frå Nordbygda skule og Sandnes skule har delteke i slike prosjekt i vinter. Her kan du lesa meir om det dei har arbeidd med:

Smart energi

6.klasse på Nordbygda skule deltek i ein konkurranse om Smart Energi. Oppgåva gjekk ut på å finne opp eit transportmiddel for å komme seg fram i Knarvik – td Kvassnesstemma -Knarvik senter- Brekkeløypa. Det skulle vere miljøvenleg og energismart. Troy, Henriette, Clara og Synnøve har valt å finne opp el- bilar som vert drivne av elektrisitet og er sjølvkøyrande. Ladinga av bilane skal føregå gjennom samling av lynkraft. Dei har og installert solcellepanel på på taket av bilane som skal nyttast til gjenoppladning i nedoverbakke. Sidan det berre er Nordbygda skule i Masfjorden kommune som deltek går me direkte til fylkesfinalen som skal vere 22. april på Vil Vite- senteret i Bergen. Denne dagen reiser heile klassen og er med og heier på medelevane sine.

Gunn Marit Tangedal
kontaktlærer


First Lego League jr. 2019

9.november 2019 reiste nesten heile 3. og 4.klasse på Sandnes skule grytidleg om morgonen til BI i Bergen for å vera med i First Lego League jr. Me var trøytte, men mest spente og ivrige etter å endeleg få visa fram prosjektet me hadde jobba med i åtte veker på skulen.

First Lego League er eit spanande forsknings- og teknologiprojekt for barn og unge som er verdsomspennande. Prosjektet har vore arrangert i Skandinavia sidan 2012. I Lego League kan ein delta i ulike aldersklassar. Lego League er frå 10-16 år, Lego League jr er frå 6-9 år og frå 2020 er det og ei aldersklasse som er frå 4-6 år. FLL sitt formål er at barn og unge skal få lærings- og meistringsopplevingar innan realfaga og teknologi. Med store sponsorar som Equinor, Statens vegvesen, Tekna, Utdanningsdirektoratet og NorgesEnergi er målet at fleire skal velje realfagsutdanning.

FLL har ulike fokusområde kvart år. Ein skal jobbe med reelle problemstillingar, og med arbeidsmetodar og organisering som liknar arbeidslivet. Med FLL sine kjerneverdier som er oppdaging, innovasjon, innverknad, inkludering, lagarbeid og moro, var ikkje det så vanskeleg. Lagnamnet vårt vart «The Cool Kids» og me sette i gong.

Haustens oppdrag var å drøfte kva nærmiljøet vårt treng av bygningar. Ein skulle velje mellom ei vinkling som var



miljøvennleg, tilgjengeleg eller stabil. Me valde å arbeide med miljøvennleg og tilgjengeleg. Kva meiner ein med nærmiljø, miljøvennleg og tilgjengeleg? Her vart det gode samtalar.

Kravet var å ha med ein Lego WeDo-robot bygd til heis eller kran, og programmere denne til å passe til bygget. Me hadde åtte veker frå me fekk oppdraget 14. september til me skulle presentere prosjektet vårt på BI i Bergen 9.november.

I starten var me litt utålmodige og frustrerte for me ville bygge, bygge, bygge. Etter kvart forstod me at me måtte gjennom dei ulike delane av oppdraget på ein skikkeleg måte slik at alle ideane vart høyrde, og me kom fram til det som var beste løysing. Me fann ut at me har ulike styrkar. Nokre var gode på bygging, nokre var veldig kreative, andre designa flott plakat og fleire fekk programmeringa godt til. Me lærte at me måtte vera tålmodige.

Kva treng eigentleg nærmiljøet vårt? Jo, me har flott natur og det kjem ein god del turistar til Sandnes for å nytte seg av denne, men det er få plassar dei kan bu. Me treng eit hotell! Hotellet skal vera miljøvennleg med oppsamling og filtrering av regnvatn til bruk i matlaging, toalett og dusj. Det skal vera mange plantar inne og ute for å lage oksygen. Solceller og vindmølle på taket sørger for straum. På taket er det og ein sau og to lam som beiter og sørger for å gjødsle plantane på taket. Utafor er det parkeringsplass med ladarar til el-bilar, det er solcelledriven grasklyppar og ein fargerik leikeplass. Hotellet er tilgjengeleg då me har heis, store golvflater og redningsbåt med plass til rullestolbrukarar. Me har og ein terrengbil som kan ta med seg turistar som sit i rullestol opp i dei vakre fjella våre. Det er sjølv sagt berre lov å køyre der det allereie er grusveggar.

Sjølv sagt treng Sandnes eit pizzabakeri og! Her er det og vindmølle på taket for straum. Skulle det for ein gongs skuld vera vindstille så driv den varme lufta frå pizzaomnen vindmølla rundt. For å levera ut pizza har me ein el-ATV som køyrer veldig fort. Dette er verdas beste pizzabakeri og har ein pokal som viser det. Det som var mest spanande i begynnelsen var å programmere/kode roboten vår. Dette var nytt for alle, men alle fekk det fort til. Me lærde om ulike blokker og løkker, og måtte rekne ut kor mange sekund motoren skulle gå og i kva rekkefølge alt dette måtte vere for at heisen skulle gjera akkurat som me hadde tenkt. Me laga ein heis som skulle nå alle tre etasjane i hotellet. Den stopper i kvar etasje, og har lyd og



lys som seier frå når det er trygt å gå ut av og inn i heisen. Dette for at dei som ser dårleg og skal kunne bruke heisen. Det var veldig moro å få dette til!

Då me kom inn på BI fekk me bord med dei andre laga i jr.-konkurransen. Til saman var me 14 lag, stort sett frå Bergen. Me fekk vera med på ein fin opningsseremoni der laga vart høgtidleg ropa inn. Seinare høyrde dommar Heidi på presentasjonen me hadde øva på.

Dommar Heidi vil veldig gjerne besøke hotellet vårt når det vert bygd. Sidan jr.-konkurransen er ein forsmak på den vanlege konkurransen for dei eldre så fekk alle deltakarlagar gullmedalje og rosande ord av professor Bestemor på avslutningsseremonien. Innimellom det heile fekk me tid til ein tur på VilVite. Me hadde eit flott publikum av foreldre og søsken som stilte opp denne dagen.

Dette var gøy og lærerikt. Me håpar me kan vera med fleire gonger.

Jane Eikeland
kontaktlærer

Påmelding til kulturskulen

Inn- og utmelding til skuleåret 2020-21

Påmeldingsfrist for opptak av nye elevar og frist for utmelding for neste skuleår er sett til måndag 13.april. Er du elev i kulturskulen og ønskjer å halda fram med det kurstilbodet du har dette skuleåret, treng du ikkje melda deg på nytt.

- Ønskjer du å bytta kurs må du melda deg av og på.
- Ønskjer du å delta på fleire kurs melder du deg på.
- Ønskjer du å slutta i kulturskulen melder du deg av.
-

Elektronisk skjema og nærare informasjon om kurstilbod finn du på kulturskulen si heimeside:

<https://www.masfjorden.kommune.no/>

Undervisninga er lagt til dei tre skulane i kommunen, hovudsakleg på ettermiddagstid og kveld etter ordinær skuledag.

Teatertilbodet er lagt til helgesamlingar. Det siste året har me stått utan teaterlærer. Me reknar med å ha ny lærar på plass til skulestart i august.

Elles har me stabile lærekrefter i alle disiplinar.

I år er det 40 år sidan kulturskulen vart starta. Sidan den gong har mellom 100 og 150 elevar kvart år fått opplæring innan song og musikk, biletkunst, teater og tidvis dans. Kulturskulen har blitt ein bærebjelle i det lokale kulturlivet. Å oppleve glade, dyktige, trygge, stolte og skapande elevar fortel oss at kulturskulen er ein god arena for personleg og fagleg utvikling.



40-årsjubileet vil mellom anna verta markert med stor jubileumsframsyning i november. I tillegg vil kulturskulen gjennomføra si sjette cd/spotify-utgjeving. Her vil det vera samla mange godbitar produsert av elevane i jubileumsåret.

Velkommen i kulturskulen!

Søknadsfristar

for å søkja tilskot på kulturområdet samt framlegg til kulturpriskandidat er 1. april 2020

Kulturmidlar

Elektronisk søknadsskjema på heimesida under «Skjema og digital post».

Alle søkjarar må senda inn årsmelding og rekneskap saman med søknaden.

Særskilde kulturtiltak

20% av summen som er sett av til kulturmidlar er øyremerkte særskilde kulturtiltak. Arrangør av slike kulturtiltak kan gjennom året søkja tilskot frå desse midlane.

Gje ein kort presentasjon av tiltaket inkludert budsjett.

Ein nyttar same digitale skjema som for kulturmidlar, men hakar av for at søknaden gjeld særskilde kulturtiltak på s.2.

Kulturtiltakstiltaksmidlar

Dette er midlar frå Kraftfondet som skal stimulera lokalt næringsliv, lagsliv og andre aktørar til å stå som kulturarrangør, slik at ein i kommunen kan tilby varierte og gode kulturopplevingar.

Elektronisk søknadsskjema på heimesida under «Skjema og digital post». Ein nyttar same digitale skjema som til kulturmidlar, men hakar av for kulturtiltaksmidlar på s.2.

Vaksenopplæringsmidlar

Elektronisk søknadsskjema på heimesida under «Skjema og digital post». Ein søker vår og haust med fristar 01.04 og 01.10.

Kulturvernmidlar

Kommunen gjev tilskot til restaurering/istandsetjing av eldre bygningar, bygningsmiljø og andre kulturminne som ligg innan for Masfjorden kommune sine grenser. Eigarar av slike kulturminne kan søkja tilskot frå desse midlane. Det er sett av kr 50 000 til slike tiltak for 2020. Elektronisk søknadsskjema på heimesida under «Skjema og digital post».

Kandidat til kulturprisen

Har du framlegg til nokon som du meiner fortener kulturprisen? Målet med prisen er å gje ei utmerking til eit lag, ein organisasjon eller ein privatperson som har gjort ein stor innsats innan kunst- og kulturlivet i kommunen. Prisen skal stimulera til auka engasjement for frivillig arbeid.

Send forslag innan 1. april til

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes
post@masfjorden.kommune.no

MOT på Flipzone

MOT i Masfjorden arrangerte tur til Flipzone onsdag 5.februar for 8.-10.klasse. Dette viste seg å vera eit svært populært arrangement, då nesten alle elevane blei med på det valfrie arrangementet.

Dette er ikkje noko ein har for vane å gjera, då pengar i kommune-Noreg ikkje veks på tre, men takka vera gåve frå BKK i samband med opninga av nytt kraftverk, Matre-Haugsdal kraftverk, lot det seg gjennomføra. Pengane frå BKK tillet oss å gje elevane gratis transport, mat og inngang til Flipzone.


Flipzone er ein trampolinepark som ligg i Åsane. Trampolinehopping er ikkje berre morosamt, men har også ein helsebringande effekt på fleire ulike måtar. Me vonar også at det sosiale utbytte ein har av slike samankomstar har ein god effekt på ungdommen.

MOT i Masfjorden arbeidar for eit tryggare og varmare samfunn. MOT er eit livsmeistringsprogram i skulen som har som mål å gjera ungdommen robust og trygg på seg sjølv. Då synest me det er kjekt å ta dei med på ei slik utflykt. Det er godt å sjå aktive og glade ungdommar vera saman.

Me rettar ein stor takk til BKK for gåva, og samstundes melda tilbake at det vart godt utbytte av den.

Tekst: Per Einar Langhelle

Foto: Merethe Engelsen



Mange masfjordingar på UKM



*Johanne Einestrand (song), Jørgen Einestrand (gitar)
Isak Thorsheim Kvinge (piano)
med Make you feel my love (Bob Dylan)*



UKM Nordhordland vart gjennomført i Storstova på Leiknes skule i helga. Her fekk meir enn 70 ungdommar frå heile regionen fritt spelerom til å visa litt av det dei er opptekne av. Ni av innslaga kom frå Masfjorden.

-Det er fint å vera med på UKM, seier Johanne Einestrand. -Her treff ein mange andre som driv med litt av det same som meg. Dessutan er det gøy å stå på ei litt større scene enn det eg elles har høve til i Masfjorden. Ekstra stas var det å framføra saman med storebroren min, Jørgen på gitar, og Isak på piano. Eg synest me fekk til så fin musisering på framføringa vår av Make you feel my love.

Frå Masfjorden deltok desse:

Clara Brandt (song)
Tiril Sleire- Gjerde (song)
Ben Jonas Larsen Andersen (gitar) og
Tiril Sleire- Gjerde (song)
Vestlandslefsena med Alida Kvingedal (song),
Solveig Neverdal Daae (piano) og
Kasper Andreas Reknes Larsen(bass)
Åshild Andvik, althorn saman med
pianist Jørn Skauge
Meriam Andvik, song
Isak Thorsheim Kvinge (piano)
Johanne Einestrand (song),
Jørgen Einestrand (gitar) og
Isak Thorsheim Kvinge (piano)
Amathea Brown (song og gitar)

Alle er elevar i kulturskulen.



*Ben Jonas Larsen Andersen (gitar) og
Tiril Sleire- Gjerde (song)*

- Å delta på ei slik mønstring med stort publikum i salen krev mot. Eg er imponert over alle dei flotte framføringane og produkta, seier kommunekontakt Frank Kvinge. - Å vera med på UKM er ei stor oppleving og ei nyttig erfaring som garantert gir læring og nye impulsar.

Bak heile arrangementet står 12 unge arrangørarar frå regionen leia av ungdomskoordinatorane i kommunane. Dei har brukt fleire månader på å planleggja det store arrangementet.

Eit fagpanel beståande av musikar Hanne Vatnøy, kultursjef i Alver Eirik Utne og Anne Jacobsen vurderte deltakarane og bestemte kven som skal representera Nordhordland under fylkesmønstringa på Voss siste helga i april. Kriteria dei arbeider etter er mellom anna kvalitet i produktet, evne til formidling, utstråling og kor trygge utøvarane er i framføringa.

Frå Masfjorden vart desse innslaga sendt vidare til fylkesmønstringa på Voss siste helga i april:

- Johanne Einestrand (song), Jørgen Einestrand(gitar) og Isak Thorsheim Kvinge(piano) med Make you feel my love(Bob Dylan)
- Isak Thorsheim Kvinge (piano) med Exit music (for a film)

Tekst og foto : Frank Kvinge

Amathea Brown (song og gitar)



For ein Vinterlys-konsert!

For ein kveld i Snikkarbua på Kvingo! 200 i salen, nydeleg lyssett lokale, varm og god stemning og artistar som strålte. Med andre ord, eit lyspunkt i vintermørket.

Konseptet var genialt. Mix av profesjonelle og amatørar, kjendisar, kor og dyktige elevar og lærarar frå kulturskulen.

Konserten hadde ein sjarmerande start: Niklas og Sofie, to av barna til arrangør og husvert Kariann, og husbandet opna med «Du kjære lille snikkarbu» (frå Emil i Lønneberget).

Sofie song og Niklas spelte kornett og var skodespelar. Den gode stemninga for kvelden var sett. Etter det første musikalske innslaget, opna Lovisa Midtbø med å ønska velkommen og leda oss trygt gjennom heile konserten.



Clara Brandt song "When you say nothing at all", akkompagnert av Kristin Andvik m/band, og neste innslag var Isak J. T. Kvinge som sang «E du nord?» av Ola Bremnes, dette var fint! Josefine frå Matre sang både norsk og fransk: "Kommer nå" og "La vie en Rose" (Edith Piaf), stødig framført med ei vakker og klår stemme. Åshild Andvik spelte "Jenny Jones" virtuost på althorn med Jørn Skauge på piano.

Jørn hadde også ei eiga avdeling på piano. Det var imponerende flott å høyra og sjå kva denne flinke pianisten får til; Ein utruleg prestasjon, for eit vanvittig fingerarbeid – du vert heilt sett ut der du sit i stolen - og veldig musikalsk framføring. Songkoret Spleis var også eit av innslaga på denne konserten, dei framførte mellom anna ein song dei har spelt inn saman

med Rune Larsen. Flott og engasjert korsong frå dei lokale spleisarane.





Trekkplasteret denne konsertkvelden var sjølvaste Rune Larsen, som saman med Anne Veddeng, Jon Martin Skauge og Svein Tore Hindenes (piano) spelte nokre av songane som tidlegare er gitt ut på plate og andre låtar han har spelt på utallige konsertar opp gjennom åra. Anne Veddeng har vore med på den nye CD'n til Rune og ho song ein av låtane frå albumet. Det var tydeleg å sjå at gjengen på scena storkosa seg. Dei var i storform!

Jon Martin Skauge hadde ei sentral rolle gjennom heile konserten, også saman med Rune Larsen. Der kom gitaristen Jon Martin til sin rett. Han fekk verkeleg vist kva han er god for på fleire gitarsoloar, spesielt på «Johnny B Goode» og «Buck's Polka». På soloen i førstnemnde heiv han

plutseleg gitaren på ryggen og spelte refrenget så taket nesten letta i Snikkarbua. Han framførte i tillegg sin eigen nye melodi «No tenkjer eg framtid».

- Dette var heilt rått, seier Kariann Ekren. Ho er vertskap for konserten.- Tenk at me fekk til dette. Alt var så profesjonelt. ALT var fantastisk. Fullt hus. Fantastisk flotte innslag. Stilig tillaga. Lyd og lys var perfekt. Stemninga var i taket. Eg er i gledesrus.

- Frank og Jon Martin, altså! Takk for at dei organiserte alt dette.

- Eg og Jon Martin hadde oss ein prat om ikkje det kunne la seg gjera å få til ein konsert i den nyoppussa Snikkarbua. Jon Martin svara ja med ein gong og me starta planlegginga saman med kulturskulen.

-Ja, dette var skikkeleg kjekt! Alt klaffa, seier ein smilande Jon Martin Skauge.

Eg tenkjer: For eit rikt kulturliv me har i denne vesle kommunen vår. Ein kan få til det utrulege berre ein samarbeider. Det var Vinterlys-konserten eit lysande døme på. Dette må bli eit årleg arrangement! Takk!

Tekst: Jo Ronald Mjanger
Foto: Kjersti Andvik og Frank Kvinge



Suksessoppskrift for ein triveleg laurdagskveld med Open mikrofon

Man tager
1 stk eldsjel
1stk kulturkafélokale
1 stk kafévert
1 stk invitasjon på Facebook til å bli med
på Open mikrofon
Eit husorkester



Lar dei koka saman nokre veker, og vipps, så har ein gode to timars kulturprogram med dyktige songsolistar med og utan akkompagnement, diktopplesing, eit gammalt revyinnslag, allsong, god stemning og ein ytterst triveleg laurdagskveld i ein fullstappa kafélokale. Slikt lever ein lenge på i grå vinterdagar!

Alle var så utruleg flinke! Då Signe Marit Bysheim Krossøy tok oss med på ein strabasiøs søndagstur på Austfjordvegen like etter at vegen var opna på slutten av 80-talet, og med svigermor ved rattet, lo me slik at tårene trilla. Heilt utruleg at ho har kome på denne elleville og fantasifulle teksten, at ho hugsar han meir enn 30 år seinare og at ho greidde å framføra han på ein slik eineståande og artig måte.

Heile programmet var så fint sydd saman, alt frå diktlesing om katten til amerikanske reelar, heftig bluesimprovisasjon med husorkesteret og nydelege songframføringar.

Desse sto for moroa: Sigrid Tveit Mjanger, Terje Rasdal, Alf Strand, Kristin Andvik Haugsdal, Marte Kvamme Andersen, Jørgen Einestrand, Silje Kvamme Andersen, Signe- Marit Bysheim Krossøy, Anke og Alf Helland, Brynjar Mjanger Eide, Øystein Bolset Strand, Henning Hodne Mjanger, Åsmund Kvinge og Berit Lygre.

Eg gler meg til neste Open mikrofon. Trur nok at fleire av dei som sat i salen blir å sjå på scena neste gong.

Tekst: Jo Ronald Mjanger
Foto: Frank Kvinge



Tunnelen

Onsdag 29. januar var mannskapa i GMBR inviterte til ei felles kinoforestilling på Dalsøyra. Bakgrunnen var at bygdekinoen viste «Tunnelen» som handlar, mellom anna, om ein tunnelbrann.

Hendingar i tunnelar representerer ein av dei største risikoane i vårt distrikt og filmen inneheld fleire realistiske element som mannskapa kunne kjenna igjen.

Hendinga i filmen var relativt langt frå korleis mannskapa ville handtert ei slik hending i eit reelt tilfelle, men likevel inneheldt filmen fleire element som var realistiske om hendinga skulle vore reell. Om lag ein tredjedel av flokken fann tid til å delta denne kvelden og dei fleste deltok i kortesjen av brannbilar som rulla inn på plassen utanfor kinolokalet før filmen starta.

Brannsjefen ynskjer å gjera lesarane av Masfjordingen merksame på at det er desse folka du møter om uhellet skulle vera ute. Folk som brukar fritida si til å øva og vera i beredskap for innbyggjarane våre. Kvardagsheltar alle som ein.

Sigvald Kvinge
brannsjef



Nokre stader å finna gudstenester og andakter:

<https://kirken.no/nn-NO/om-kirken/digitale%20fellesskap/gudstjenester/>
<https://radio.nrk.no/serie/gudstjeneste-radio/DMTL05003419/18-08-2019>

Nokre songar og forteljingar for born:

<https://www.osteroy.kyrkja.no/Om-oss/Artikler/Artikkeldetaljer/ArticleId/199/Aktivitet-for-barn-amilie?fbclid=IwAR2V1Q-GDKzS0xlqh1vbbMBPOGUSUy1FB7L-UzzuXnh-qPZplvwdF02xEE4>

Vandring gjennom påskedagane for små og stor born:


<https://www.facebook.com/watch/T-dagen-238706466334008/>

Små gleder i kvardagen

Nokon lada mobilen sin ein gong dei var på Skjerjebakken og la att denne helsinga og kr. 5,-.

Det var så koseleg å finna denne «lappen» og sjå kva omtanke de har. Mange takk!

Kyrkjekontoret



Kontaktinformasjon til kommunen

Telefon: 56 16 62 00

Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:

Masfjorden kommune

Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES



Kontaktinformasjon til kyrkja

Kyrkjevevje: Eli Eidsnes

Kontortid: måndag og torsdag (frå 1.april)

Tel: 56 16 62 61/906 13 515

E-post kyrkjevevja@masfjorden.kommune.no

Diakoni og undervisningsleiar:

Helga Ekehaug

Tel 56 16 62 62, 911 93 612

e-post:

helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Sogneprest, vikar:

Harald Sundsbø

Tel: 95976864

e-post: h-sund@online.no

Stofffrist for Masfjordingen

Bladet skal vera klart til utsending 10 dagar etter fristen:

Måndag 25. mai

Noter desse datoane i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at de kan få åtgaum og folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED? Noen som ringer tenker på å ta sitt eget liv, andre er usikre, ensomme eller redde. Noen trenger bare å slå av en prat. Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no	SOS 22 40 00 40	SOS MELDING
	SOS CHAT	KIRKENS SOS

Løysing på kryssord frå nr. 1 2020

1. Noko vi et lørdagskvelden.
2. Noko du får i bursdagsbesøk, med glasur på.
3. Eit dyr som seier ho-ho, og flyr om natta.
4. Noko skuleelevar må gjere på ettermiddagen.
5. Maria rei på eit
6. Etter kveld er det
7. Ikkje spaghetti, men bolognese.
8. Ein fisk som kan gje støyt.
9. Teikningar på kroppen som ikkje går vekk.
10. Ikkje eit barn, men ein u...
11. Små, kvite korn som vi kokar i posar til middag.

Svar: 1. Snop, 2. Kake, 3. Ugle, 4. Lekser, 5. Esel, 6. Natt, 7. Pasta, 8. Ål, 9. Tatovering, 10. Unge, 11. Ris. Løysingsord: Skulen på tur

Likar du å tenna lys?

Kva gjer du med restane?

Lever stumpane inn på NMS gjenbruk i Knarvik så får dei laga flotte nye ljós!



NMS GJENBRUK
MILJØ, MØTEPlass & MISJON

Arbeidsgruppa for Masfjordingen:

Helga Ekehaug, Mary Hope, Frank Kvinge, Sveinung Toft

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

frank.kvinge@masfjorden.kommune.no

helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Formgjeving:

Mary Hope og Helga Ekehaug